



Arkivnr: 2016/3413-9

Saksbehandlar: Bente Utne

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.12.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

**Dekning av totalkostnader – Fv 216 Skansen, Kleppe i Askøypakken****Samandrag**

Askøy kommune søker i brev av 06.12.17 om full dekning av kommunen sine utgifter til tiltaket Fv 216 Skansen/Kleppe i Askøypakken. Askøy kommune var byggherre for tiltaket, med bakgrunn i fylkestingvedtak 56/12 om forskottering:

**VEDTAK (16.10.2012)**

1. Fylkestinget godkjener forskottering på inntil 14 millionar kroner til fortau på Fv 213 Skansen (Kleppe) i Askøy kommune. Askøy kommune vil vere byggherre og dermed bere risiko for eventuelle meirkostnader.
2. Refusjon av midlane kjem til fråtrekk frå fylkeskommunen sitt samla bidrag til Askøypakken på totalt 200 mill. kroner. Refusjonen vert utan renter og kompensasjon for prisauke.

Meirkostnadene som det blir søkt om utgjer på **kr 11 001 527** inklusiv mva. Av dette utgjer meirkostnader 6 001 222 kr og mva 5 000 305 kr. Det har tidlegare vore semje om at mva.forholdet skulle løysast administrativt.

Då Askøy kommune gjekk i gang med bygging av prosjektet, utarbeidde Statens vegvesen eit avtaleutkast med utgangspunkt i fylkestinget sitt vedtak. Kommunen signerte ikkje avtalen.

Fylkesrådmannen meiner at endringane innafor planområdet kr 1.500.000, som Statens vegvesen delvis har foreslått, i denne spesielle saka kan dekkast. Kostnadane utafor planområdet og øvrige meirkostnader bør ikkje dekkast, då dette vil vera brot på byggherreprinsippet, og vil medføra at det blir mindre midlar til andre prosjekt i Askøypakken.

**Økonomi:** Dersom Askøy kommune får full dekning av totalkostnadane i Askøypakken, blir det tilsvarande mindre til andre prosjekt i pakken. Det vil også vera eit brot på byggherreprinsippet.

**Klima:** Ingen, tiltaket er bygd, saka gjeld finansiering.

**Folkehelse:** Ingen.

**Regional planstrategi:** Ingen.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget understrekar av byggherreprinsippet står ved lag. Dette innber at byggheren er ansvarleg for meirkostnader om ikkje anna er avtalt.
2. Fylkestinget godkjenner at Askøy kommune sin søknad om dekning av meirkostnader i dette spesielle høvet, delvis kan imøtekommast med kr 1.500.000. Midlane vert dekka av Askøypakken.
3. Fylkestinget delegerer til fylkesrådmannen å avklara forholda rundt meirverdiavgiftskompensasjon.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konstituert fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.01.2018/12.11.18

### Bakgrunn

Askøy kommune søker i brev av 06.12.17 (ref brev 27.07.16) om full dekning av kommunen sine utgifter til tiltaket Fv 216 Skansen/Kleppe i Askøypakken. Askøy kommune søkte om, og fekk vedtak i fylkestinget på, å forskottera 14 mill kr til tiltaket, der Askøy kommune skulle vera byggherre.

Fylkesrådmannen er usikker på om ein administrativt kan godkjenna meirkostnader til ei forskottering i ein bompengepakke, og legg dermed saka fram for fylkestinget.

Søknadsbeløpet til Askøy kommune for meirkostnader utgjer kr 11.001.222 inklusive mva. Dette kjem i tillegg til utbetaling (refusjon av forksottering) på 14 mill kr i desember 2015, i samsvar med forskottert beløp. Søknadsbeløpet Askøy kommune ber om å få dekka, er inklusive meirverdiavgift.

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune er ikkje er samde i at mva skal leggjast til anleggsbidraget / forskoteringssummen. Askøy kommune har lagt til mva kr 5.000.305, slik at total kostnad utgjer kr 25.001.222. Samferdselsavdelinga har brukt juridisk ekspertise som støttar HFK i å ikkje godta faktura inklusive mva i dette tilfellet. Dette er meldt tilbake til Askøy kommune.

Dersom søknaden blir innvilga, vil kostnaden for tiltaket utgjera kr 20.001.222 eksklusive mva.

Både Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune er samde om at denne saka ikkje omhandlar mva, og at meirverdiavgiftsspørsmålet vert avklart på administrativt nivå.

Dermed handlar denne saka om utbetaling av meirkostnader på 6.001.222 kr (20.001.222 minus 14.000.000).

Saka har vore drøfta mange gonger i kontaktutvalet, der SVV/HFK har vist til vedtaket. Kommunen meiner prosjektet delvis er utvida av SVV, og viser elles til at andre prosjekt i Askøypakken er vorte dyrare enn skissert i bompengesøknaden.

### Fylkestingvedtak 56/12

Askøy kommune har vore byggherre for prosjektet «Fv 213 Skansen (Kleppe)» i Askøypakken i samsvar med vedtak i fylkestinget, sak 56/12:

#### VEDTAK (16.10.2012)

1. Fylkestinget godkjenner forskottering på inntil 14 millionar kroner til fortau på Fv 213 Skansen (Kleppe) i Askøy kommune. Askøy kommune vil vere byggherre og dermed bere risiko for eventuelle meirkostnader.
2. Refusjon av midlane kjem til fråtrekk frå fylkeskommunen sitt samla bidrag til Askøypakken på totalt 200 mill. kroner. Refusjonen vert utan renter og kompensasjon for prisauke.


### Avtale og bygging

Askøy kommune har ikkje inngått formell avtale med HFK/SVV som er vanleg i slike saker. Statens vegvesen laga utkast til avtale, men denne vart ikkje underteikna av kommunen. Prosjektet var eit kombinert prosjekt mellom Askøy kommune VA, Askøy Energi, Telenor, BKK og fylkesveg. Prosjektet er ferdig og vart offisielt opna den 11.06.15.

Byggherreprinsippet er godt innarbeidd i Hordaland fylkeskommune. Om ikkje anna er avtalt, skal byggherren bera meirkostnadar ut over avtalt sum. I fylkestingvedtaket er dette tydeleg presisert.

### Statens vegvesen si vurdering av meirkostnandane

Det vert vist til vedlagt notat frå Statens vegvesen av 15.01.18. Vedlagt kart og kommentarar frå Statens vegvesen:



#### Mindre endringer innenfor planområdet (markert med grønt i kartet)

I prosjekteringsfasen foreslo Statens vegvesen noen løsninger som ville bedre situasjonen i forhold til vedtatt reguleringsplan. Endringene omfattet avkjørsler, plassering av busslomme og tilpassing av fortau og vegbredder. Hensikten med endringene var å gi:

- økt trafikksikkerhet
- plass til leskur på bussholde plass
- bedre tilpasning til grunneiere

Endringene ble 4. desember 2014 behandlet og godkjent i utvalg for teknikk og miljø i Askøy kommune som en mindre endring av reguleringsplanen. Disse endringene ble gjennomført etter at Fylkestinget hadde vedtatt finansieringen til prosjektet. Statens vegvesen anslår kostnaden for disse tiltakene til 1,5 mill. kr.

#### Utvidelse av prosjektet (markert med rødt i kartet)

Askøy kommune utvidet prosjektet med ca. 400 meter for å legge kommunalt VA-anlegg langs fylkesvegen. På denne strekningen var det fortau og drenering før tiltaket ble gjennomført. Kvaliteten på rekerverk og asfalt på strekningen har blitt bedret etter at prosjektet ble bygget. Statens vegvesen anslår verdien på denne kvalitetsøkningen til 0,5 mill.kr, og presiserer samtidig at denne utvidelsen er utenfor Askøy-pakken.

### Fylkesrådmannen sine vurderinger

Fylkesrådmannen meiner at det er viktig å halda på byggherreprinsippet, som inneber at byggherren har ansvaret for meirkostnader om anna ikkje går klart fram i skriftleg avtale.

HFK har tidlegare vore prinsipiell i forhold til byggherren sitt ansvar for meirkostnader. Døme er Meland kommune (Fv 564 Fløksand-Orrhøyen) og privat utbyggjar for Fv 197 Håkonshellavegen. Her vart det administrativt avslått eller anbefalt ikkje å gå vidare med søknad om utvida forskottering.

Om det er fylkeskommunale midlar eller bompengar eller andre midlar som vil dekka eit slikt meirforbruk, bør ikkje vera avgjerande.

Då kommunen sette i gang bygging av prosjektet utan skriftleg avtale tok kommunen ein risiko. Det burde vore avklart med vegeigar på førehand korleis dette kunne løysast. Fylkestingvedtaket er så tydeleg at det aldri burde vera tvil om kven som var ansvarleg for meirkostnader.

Askøy kommune hevdar at om Statens vegvesen hadde vore byggherre, ville ein ført alle medgåtte kostnader i prosjektet. Det stemmer, men då hadde Statens vegvesen hatt høve til å drøfta avgrensing eller utviding av prosjektet med vegeigar.

Fylkesrådmannen ser at dette er ein uheldig situasjon for Askøy kommune. Prosjektet er blitt betre enn opprinnelig planlagt. Det er delvis Statens vegvesen som har foreslått endringar i prosjektet for å få ei betre løysing. Det kan vurderast om dette bør kompenserast heilt eller delvis. Ein kompensasjon vil medføra at det blir mindre midlar til andre prosjekt i Askøypakken.

Alternativa er:

- Full kompensasjon kr 6.001.222
- Delvis kompensasjon:
  - ✓ kostnader innafor planområdet, 1,5 mill kr
  - ✓ kostnader utafor planområdet 0,5 mill kr

Fylkesrådmannen meiner at endringane innafor planområdet kr 1.500.000, som Statens vegvesen delvis har foreslått, i denne spesielle saka, kan dekkast. Kostnadane utafor planområdet og øvrige meirkostnader bør ikkje dekkast, jamfør byggherreprinsippet, og vil medføra at det blir mindre midlar til andre prosjekt i Askøypakken.

## Vedlegg

1. Søknad frå Askøy kommune av 06.12.17
2. Notat frå Statens vegvesen av 15.01.18
3. Oversikt over omsøkt beløp